

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 10.04.2012  
Sakhandsamar: **Hilde Christiansen**  
Saka gjeld: **Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest**

**Styresak 048/12 B**

**Styremøte 07.05. 2012**

---

## **Forslag til vedtak**

1. Styret vedtar dei føreslåtte etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest, dagsett 25.04.2012, som blir gjeldande frå 7. mai 2012.
2. Dei etiske retningslinjene blir sendte til helseføretaka for vidare styrebehandling og implementering der.
3. Dei etiske retningslinjene blir offentleggjorde på heimesida til det regionale helseføretaket.
4. Styret ber om at dei etiske retningslinjene blir lagt fram til behandling i styret årleg.

## Oppsummering

Føretaksgruppa Helse Vest har i løpet av hausten 2011 og vinteren 2012 utarbeida etiske retningslinjer for heile føretaksgruppa. Dei etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest kjem i tillegg til gjeldande lovgiving, og er overordna interne og eksterne regler innan forskning og innkjøp.

Som vedlegg til dei etiske retningslinjene er det ei omfattande samling av dokument som kvar for seg gir ei nærare etisk tilnærming til eit avgrensa område.

## Bakgrunn

Arbeidet med etiske retningslinjer blei sett i gang på bakgrunn av Stortingsmelding 13 (2006/2007) «Et aktivt og langsiktig eierskap» og Stortingsmelding nr. 13 (2010-2011) «Aktivt eierskap – norsk statlig eierskap i en global økonomi». Her legg regjeringa til grunn at statleg eigde selskap har etiske retningslinjer, og at desse er offentleg tilgjengeleg.

I føretaksmøtet for 2011, som blei halden den 28. januar 2011, la Helse- og omsorgsdepartementet til grunn at *«dei regionale helseføretaka og helseføretaka har utarbeidd etiske retningslinjer for verksemda si og at retningslinjene er gjort kjent og er publisert på verksemdene sine heimesider. Retningslinjene skal gjerast gjeldande for alle tilsette, og så langt dei passar òg for styremedlemmer og andre som representerer helseføretaket.»*

Det same kravet står òg i rettleiaren «Styrearbeid i regionale helseforetak – God rolleforståelse og god rolleutøvelse» som blei utgitt av Helse- og omsorgsdepartementet i januar 2011. I rettleiaren står det i kapittel 1.3.1 Etikkk – etiske retningslinjer:

Det er uttrykt en klar forventning til at statlig eide virksomheter skal ha fastsatt etiske retningslinjer, som del av sitt samfunnsansvar. Etiske retningslinjer setter generelle normer og prinsipper for etisk ansvarlig opptreden.

De regionale helseforetakene og helseforetakene forvalter sentrale velferdsgoder for befolkningen, og det er viktig at både ansatte og styremedlemmer har den nødvendige tillit i offentligheten. I foretaksmøtene i januar 2011 er det stilt krav til at de regionale helseforetakene og helseforetakene skal ha etiske retningslinjer, som er kjente og tilgjengelige på foretakets hjemmeside på internett. De etiske retningslinjene skal gjelde de ansatte, og så langt de passer også styremedlemmer og andre som representerer foretaket.

## Arbeidsprosess

Ei arbeidsgruppe med deltakarar frå føretaka og tillitsvalde arbeidde fram eit arbeidsdokument om etikkk i føretaksgruppa. Dette arbeidsdokumentet blei levert HR-direktørane i føretaksgruppa hausten 2010. Arbeidsdokumentet har vore eit utgangspunkt for det vidare arbeidet med dei etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest.

I arbeidet med dei etiske retningslinjene har ein i tillegg til arbeidsdokumentet frå arbeidsgruppa òg sett på etiske retningslinjer frå andre statlege bedrifter og dei etiske retningslinjene for statstenesta. Dei etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest er utarbeida i nært samarbeid med dei underliggande verksemdene. Helseføretaka har aktivt komme med gode innspel og kommentert dei ulike versjonane til dei etiske retningslinjene. Det har vore ein progressiv prosess der fleire aspekt ved dei ulike tema har vore nøye vurdert. Utkastet som ligg føre no, er godt forankra i Helse Vest sin visjon og kjerneverdier.

Dei konserntillitsvalde og konsernhovudverneombodet har fått forslaget til etiske retningslinjer lagt fram for seg.

## Omfang

Dei etiske retningslinjene skal vere så konkrete som mogeleg slik at dei er enkle å forstå for alle medarbeidarane. Retningslinjene skal være relevante for den arbeidssituasjonen som medarbeidarane i føretaksgruppa Helse Vest har, og for dei utfordringane og dilemma som medarbeidarane kan møte i kvardagen sin.

Dei etiske retningslinjene trekk opp dei forventningane som føretaksgruppa har til medarbeidarane sine, og gir nokre få og enkle reglar som det er mogleg å etterleve i praksis. Dei etiske retningslinjene er ein viktig premissgivar for ønska åtfærd og kultur i føretaksgruppa.

Alle tilsette i føretaksgruppa Helse Vest, og alle som handlar på vegner av føretaksgruppa, skal opptre i tråd med allmenne etiske normer og gjeldande lovverk. Dei etiske retningslinjene for føretaksgruppa Helse Vest er ei presisering av den allmenne etikken som gjeld for alle medarbeidarane på alle nivåa i føretaksgruppa.

## Implementering

Helse Vest føreset at dei underliggende føretaka vedtar dei etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest. Dei vedtekne etiske retningslinjene vil bli sendt over til helseføretaka for styrebehandling.

Dei etiske retningslinjene vil bli offentleggjort på føretaka sine heimesider på Internettet.

Administrerande direktør for Helse Vest får ansvar for årleg revisjon av dei etiske retningslinjene.

### Vedlegg:

1. Etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest
2. Vedlegg til etiske retningslinjer for føretaksgruppa Helse Vest
  - Taushetsklæring – skjema
  - Sikkerhetsinstruks
  - Rutine for intern varsling (alle føretak)
  - Samarbeidsavtale mellom Helse Vest RHF og Leverandørforeningen for Helsesektoren (LFH)
  - Samarbeidsavtale mellom Helse Vest RHF og Legemiddelforeningen
  - Retningslinjer vedrørende helseføretakenes forhold til gaver, stiftelser og legater
  - Retningslinjer for praktisering av regelverk for bierverv (alle føretak)
  - Etiske retningslinjer for arbeid med innkjøp i Helse Vest
  - Etiske krav i offentlige anskaffelser
  - Brukerveiledning til WHO's globale kode for internasjonal rekruttering av helsepersonell